

HAREID KOMMUNE

VEDLEGG B:

Parkering knytt til friluftsområder Kommuneplanens arealdel 2020-2032

PlanID: 20160004

Samandrag

Vedlegget syner kor i kommunen det er mogleg å etablere enkle parkeringsplassar knytt til tur- og friluftsområder. Vedlegget er knytt saman med kommuneplanens arealdel sine føresegn. Føresegna gir krav knytt til opparbeiding, storleik mm.

Godkjent av Hareid
kommunestyre xx.xx.20xx,
sak





Innhold


Kvitneset, Brandal:	3
Ytredalen, Brandal:	3
Indredalen, Brandal:	4
Korshamna, Hjørungavåg:	4
Ulset, Hjørungavåg:	5
Holesanden, Bigset:	5
Nessetelva, Bigset:	6
Innspel som ikkje vert teke til følgje:	6

Det er kome innspel frå Trümgruppa i Hareid og i samband med spørjeundersøking knytt til parkering ved attraktive friluftsområder i Hareid kommune, om at det er mangel på parkering i kommunen ved populære tur- og friluftsområder. Det er derfor vald å utforme eit eige vedlegg knytt til rulleringa av kommuneplanens arealdel 2020-2032, der det vert opna for etablering av parkeringsplassar. Plassane skal vere lett opparbeida, og det er berre tillate med mindre tiltak, som å legge grus på parkeringsarealet. Områda skal vere så naturleg som mogeleg, utan større tiltak for opparbeiding. Det er til dømes forbode med asfalt.

For meir informasjon om krav knytt til slike parkeringsplassar, sjå § 15 i føresegna.



Kvitneset, Brandal:



Det er lagt opp til at det kan bli ein parkeringsplass heilt ute på Kvitneset (lengst nord på kartutsnittet). Denne har eit areal på 244m² (10m x 24m). Der er ein parkeringsplass i dag (ca. 8m x 9m), så dette forslaget er ei utviding av eksisterande grusplass. Anslagsvis vil det vere plass til totalt 12 biler her.

Ulempa med ein parkeringsplass yst på Kvitneset er at vegen fram til parkeringa er ein mindre grusveg, som ikkje er egna til store trafikkmengder. Det er derfor laga eit forslag på ein avlastning parkeringsplass 200m lengre sør. Denne plassen har eit areal på 167m², 22m x 9m, med plass til ca. 11 biler.

- Attraktivt friluftsområde
- Utforske krigshistoria på Kvitneset

Ytredalen, Brandal:




Det er etter innspel vald å opne for ein parkeringsplass i Ytredalen ved Vassverket. I dag er det plass til få bilar, ved uorganisert parkering ved vassverket og privat eigedom. Ved å legge til rette for ein avgrensa parkeringsplass vil det vere lettare å nytte seg av dette friluftsområdet. Arealet som er sett av til parkering er 127 m² (ca. 7,5m x 15,5m). Det vil vere plass til om lag 7-8 bilar.

- Attraktivt for fjellturar, samt jakt.
- Tursti frå parkeringa til eksempelvis fjelltoppene Skolma, Grøthornet og Signalhornet.




Indredalen, Brandal:



Etter innspel frå Trimgruppa er det vald å opne for moglegheit for parkering ved demninga i Indredalen. Veg opp er ikkje dimensjonert for ein stor trafikkmengde, derfor vert det berre tilrettelagt for parkering av 6-7 bilar, ca. 7,5m x 12m.

- Tursti frå parkeringa til Brørene.

Korshamna, Hjørungavåg:




Det er per dags dato ingen parkeringstilbod i dette området. Det er derfor vald å opne for ein organisert parkering. Dette vil kome til nytte for bruk av friluftsområdet i Gamlåsen, samt bruk av strandsona ved Korshamna. Dette var også eit av områda som utmerka i spørjeundersøkinga.

Området som er tiltenkt parkering er på 210m² (8,5m x 25m). Dette tilsvara 12-13 bilar.

- Parkering knytt til tursti i Åsen og strandområda i Korshamna.




Ulset, Hjørungavåg



I dette området er det både kome innspel på manglande parkering frå trimgruppa og frå spørjeundersøkinga. Dette er eit populært turområde som treng ei ordentleg parkering. Dette vil gjere at området kan verte nytte meir og vert lettare tilgjengeleg. Arealet for parkeringa er estimert til 152m² (8m x 20m), med plass til 10-11 bilar. Dette er ei utviding av dagen parkeringstilbod der det er plass til 3-4 bilar.

- Frå parkeringsplassen er det ein tursti til Melshornet.


Holesanden, Bigset



Holesanden er eit populært friluftsområde, for med anna rekreasjon og bading. Det er kome innspel på at det er behov for meir areal til parkering i området. Det er derfor vald å utvide eksisterande parkeringsplass til 23m, eit areal på 584 m². Dette vil vere inklusiv bobilparkering. For at bobiler skal kunne parkere her må det vere tilgang på straum.



Nessetelva, Bigset



Området som nå er avsatt til grusparkering er på 392 m², med plass til 14-15 biler.

- Fint rekreasjonsområde.
- Området kan nyttast til å slå opp telt, dagsturar og bading (strand ved utløpet til elva).
-

Innspel som ikkje vert teke til følgje:

Det er også kome innspel om område som treng parkering som ikkje er teke til følgje.

Det var med anna kome eit ønske om parkering på Hjørungneset. Dette vert ikkje teke med i planen, då det vil bli ein parkeringsplass for friluftsliv knytt til reguleringsplan for Risneset, planID 20190001. Denne kan nyttast for bruk av friluftsliv i området ved Hjørungneset.

Det vert heller ikkje lagt til noko parkering ved Overå, då det er ein ny reguleringsplan for området under arbeid.